

Ruben Aksnes delaktig på ny musikkvideo.

13.02.2014

Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra, med Ruben Aksnes frå Uskedalen/Odda på bass, har siste året hausta eventyrleg merksemd etter utgjevinga av singelen Talk, Talk, Talk, Talk. For den vart dei mellom anna påskjønta med Ramp-stipendet(250.000 kr), stipend frå Innovasjon Norge (50.000 kr), Adresseavisas musikkstipend, og terningkast på 5 og 6 av anmeldarane. No er oppfølgjaren sleppt, og orkesteret er klar for nye speleoppdrag.

Ved ein eksklusiv videopremiere på NRK P3 har dei no sleppt singelen og filmen 'A Wonderful World'. De kan lese meir om dette, og oppleve filmen og musikken ved å klikke på denne [lenkja](#).

Den 19.februar er det klart for konsert med denne spennande gruppa i hovudstaden, og kvelden før spelar dei for broderfolket i Stockholm.

Dyktige Ruben Aksnes er svært aktiv i musikkmiljøet i Trondheim, og han trakterer også bassen i fleire andre grupper som held svært høgt musikalsk nivå.

Kjelde: NRK P3

Nett: Thor Inge Døssland